



Pressemelding

STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Øystein Singaas
Informasjonssjef Øivind Østang
Postboks 8001 Dep, 0030 OSLO

Telefon ktr.: 22 24 40 06
Telefon ktr.: 22 24 40 37
Telefaks: 22 24 95 00

Telefon priv. : 22 28 68 80
Telefon priv. : 22 22 28 01

SPERREFRIST: Ingen

DATO: 13. september 1996

PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM

Fredag 13. september kl. 18.45 talar statsministeren på dei danske Sosialdemokratane sin kongress, i Aalborgghallen i Aalborg, i samband med at Socialdemokratiet er 125 år. Statsministeren reiser frå Oslo fredag ettermiddag, og er attende laurdag morgon. Pressekontakt er statssekretær Øystein Singaas. Følgjet bur på Hotel Hvide Hus, telefon 00 45 98 13 84 00 - telefaks 00 45 98 13 51 22.

Måndag 16. september er statsministeren i Bergen og Vaksdal, i samband med at ho skal tale på Norsk Lærarlag sin leiarkonferanse. Kl. 10.00 kjem statsministeren til Sælen skule i Fyllingsdalen, der ho møter elevar og lærarar, og vert orientert om mellom anna skulefritidsordninga og 6-årstilbodet. Kl. 11.30 møter ho lærarane til føremiddagsmat. Kl. 13.00 kjem statsministeren til Lærarlaget sin leiarkonferanse, i Grieghallen, der ho held tale kl.14.00. Kl. 18.30 talar ho på ope folkemøte i Dalehallen, på Dale i Vaksdal.

Tysdag 17. september kl. 19.30 er statsministeren vert under Regjeringa si mottaking for det diplomatiske korpset i Oslo, i Artillerimagasinet på Akershus festning.

Torsdag 19. september er statsministeren i Nordreisa i Troms, i samband med at ho dagen etter skal tale på ein konferanse om næringsstrategiar for Nord-Noreg, i Tromsø. Kl. 11.00 kjem statsministeren til Helsesenteret Sonjatun på Storslett, der ho møter pasientar og tilsette. Kl. 13.00 møter ho ordførarar og partifeller frå kommunane i Nord-Troms, til føremiddagsmat på Norlandia Storslett Hotell. Kl. 14.45 vitjar statsministeren Tømmernes Slakteri. Kl. 19.00 talar ho på ope folkemøte i Samfunnshuset på Storslett. Pressekontakt er statssekretær Øystein Singaas. Følgjet overnattar på Norlandia Storslett Hotell, telefon 77 76 52 00 - telefaks 77 76 52 90.

Fredag 20. september reiser statsministeren til Tromsø, der ho kl. 09.00 talar på Kommunaldepartementet sin Nord-Noreg-konferanse, på Scandic Hotell. Statsministeren er attende i Oslo same kvelden.